



Vest Vvs As  
Torvhusmyrane 18  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar: Ref.:CNPAUE-  
Skjemanr.:3935  
Vår: 21/10407 - 22/79935

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
19.10.2022

## Foreløpig svar på søknad om ferdigmelding - gbnr 355/65 Skjelanger

**Tiltak:** Tilknytning kommunalt vatn, privat avløpsanlegg  
**Byggjestad:** Skjelangervegen 965 – Gbnr 355/65  
**Tiltakshavar:** Kåre Skjelanger  
**Ansvarleg søker:** Vest VVS AS v/Einar Stussdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.10.2022

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og kan, på noverande tidspunkt, ikkje handsame søknad da det, per dags dato, ikkje ligg føre godkjent rørleggarmelding.

I foreløpig svar på rørleggermelding, datert 16.12.2021 (ref.21/10407 – 32/85688), har kommunen bedt om meir dokumentasjon (tinglyste erklæringer og oppdatert situasjonsplan) for å kunne handsame søknaden.

Kommunen har vore i telefonkontakt med tiltakshavar vedrørende dette.

Vi gjer merksam på at tinglyste retter skal ligge føre før vi kan handsame tilknytningssøknaden (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» pkt 2.3).

Foreløpig svar på søknad om godkjenning av ferdigmelding er at vi ikkje kan handsame denne før rørleggarmelding er godkjent og tilknytningsgebyret er betalt.

Tilknytningsgebyr vert først sendt ut når rørleggarmelding er godkjent.

Vi minner om at arbeid med å knytte bustader på kommunalt leidningsnett ikkje skal starte før rørleggarmelding er godkjent (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp - Adm. bestemmelsen» pkt. 2.1).

I Alver kommune skal tilknytningsgebyr være betalt før oppstart (vilkår i tilknytningsløyvet), rørleggar plikter å undersøkje dette.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Det må sendast inn oppdatert situasjonsplan som viser kven som er knytt på felles vassleidning. Situasjonsplan skal leggjast ved tinglysing. Leidningar skal visast frå veggiliv og heilt fram til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kåre Skjelanger

Skjelangervegen 5917  
983

Rosland

### **Mottakarar:**

Vest Vvs As

Torvhusmyrane 5913  
18

EIKANGERVÅG